



Arne Gunleiv Haugsvær

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2075 - 14/8843

Saksbehandlar:

Harry Finseth

harry.finseth@meland.kommune.no

Dato:

04.06.2014

## Referat synfaring gnr 5 bnr 2 og 3

Tilstade: Grunneigar Arne Gunleiv Haugsvær. Frå kommunen møtte Harry Finseth, Laila Bjørge og Berit Eskeland.

1. Det er dårleg vekst fleire stader over grøftetrasèen grunna dårleg vekstjord. Meland kommune vil reklamere overfor entreprenør, då tilbakefylling av vekstjord er ein del av kontrakta mellom kommunen og entreprenør
2. Grunneigar er bekymra for at kum som ligg i marka skal stikke for høgt opp etter nokre år, og såleis vanskeleggjere driften av jorda. Dersom dette skjer kan grunneigar ta kontakt med kommunen for utbetring.
3. Grunneigar ønskjer ikkje at kumanviser skal settast opp i kum. Kumanviser er svært viktig i kummer som har uttak for vatn til brannbiler for at kummen skal være lett og finne fram til. Kommunen vil vurdere plasseringa på ny.
4. Når det gjeld siging av grøftetrasè som hindrar normal jordbruksdrift så vil kommunen stille garanti for dette i 5 år. Ved andre skadar som påviseleg skuldast anleggsvirksomheit er det også ein kommunal garanti på 5 år.
5. Angående gamle vassleidningar, så har entreprenøren gjeve kommunen beskjed om at alle gamle vassleidningar, som ligg langs den nye grøftetrasèen, er koplå i frå.

---

### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

6. I eit punkt på kanten av grøftetrasèen er det eit hol i jorddekket der vatn kjem opp. Meland kommune foreslår at kommunen dekker alle kostnader med naudsynt innkjøp og transport av røyr og singel for å få vatnet ført inn i næraste kistegrøft. Vidare foreslår kommunen at grunneigar står for arbeidet ettersom det er naudsynt med god lokalkunnskap om forholda for eit best mogleg resultat.
7. Vassoppsamling ved innkjørsel frå fylkesveg. For å få retta opp foreslår Meland kommune same løysing som i pkt 6.
8. Det har rast noko massar i skråning ved Fløksandvegen. Meland kommune foreslår at kommunen leverer ca 1 lass rein stein for å stabilisere skråninga og sikre at vatnet renn rett igjennom. Kommunen vil kontakte grunneigar om gjennomføring av arbeidet.
9. Kommunen vil ta kontakt med grunneigar for ny synfaring ang pkt. 3, 6, 7 og 8. Her vil det bli gjort ei eiga avtale på kva som spesifikt skal utførast, og kva kommunen skal levere av naudsynt materiell.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Harry Finseth  
rådgjevar kommunaltekniske anlegg

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Arne Gunleiv Haugsvær